

HELSE  
norge

Samval

# Du kan vere med å bestemme



HELSE norge — di helse på nett

## Kva er samval?

Samval er ein prosess der du saman med helsepersonell kan kome fram til ei beslutning om kva slags metodar for undersøkingar og behandling som passar for deg. Samval sikrar at du får tilstrekkeleg, god og rett informasjon om kva du kan forvente av alternativa.

Helsepersonell kan gi deg støtte til å vurdere fagleg informasjon og bli klar over kva som er viktig. Dette vil gi deg eit godt grunnlag for å velje behandling -eller inga behandling, dersom det er aktuelt.

### Spørsmål som du kan stille til behandlaren din:

- Kva slags alternativ har eg?
- Kva slags fordelar og ulemper er mogeleg ved desse alternativa?
- Kor sannsynleg er det at eg vil oppleve noko av dette?





**Pasienten har rett til å vere med å velje mellom tilgjengelege og forsvarlege undersøkjings- og behandlingsmetodar.**

PASIENT- OG BRUKERRETTIGHETSLOVEN, KAP 3

## **Kvifor samval?**

Samval vil gjere deg betre i stand til å ta eit val som er rett for deg. Saman med helsepersonell kan du vurdere fordelar og ulemper ved ulike behandlingalternativ, basert på kva som er viktig for deg. Målet med samval er å kome fram til eit informert val.

Når du er med på vala som gjeld di helse, vil du oppleve betre kontroll og bli tryggare på beslutninga som blir tatt.

Det er avgjerande at du ikkje føler deg pressa til å vere meir involvert i beslutningane enn du ynskjer. Det er også eit val å overlate beslutningane til helsepersonell eller involvere pårørande.

Les meir om Samval her:

**[helsenorge.no/rettigheter/samvalg](https://helsenorge.no/rettigheter/samvalg)**

# Samvalsverktøy på Helsenorge

Samvalsverktøy kan hjelpe deg å delta i beslutningar om helsa di. På Helsenorge finn du samvalsverktøy for blant anna:

- Kirurgi ved brystkreft
- Psykose
- Prostatakraft
- Muskelknutar i livmora
- Kneartrose
- Sjukleg overvekt

**Finn meir informasjon om innlogging og bruk på Helsenorge**



Bytt fastlege



Legemiddel



Frikort og egendelar



Kjernejournal



[helsenorge.no/samvalg](https://helsenorge.no/samvalg)